

3
2010

NaturVest

Medlemsblad for Naturvernforbundet Hordaland og Møre og Romsdal

Klimagassen CO₂

En trussel mot det biologiske mangfoldet i havet



Hardangerstriden

De planlagte monstermastene fører til bred mobilisering.



To indre og vekk me'n

Av Øystein Folden

Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Denne gongen handlar det om å gå tur og korleis eit småkraftverkprosjekt truleg blir lagt bort. Både morosamt og nyttig på ein gong.

I naturmangfaldåret har eg oppmoda naturvernarar til å gå på tur. Det har eg sjølv gjort også, meir enn på lenge. Men eg har ikkje så ofte sjølv vald kor eg ville gå, og det har jo gitt nokre nye variasjonar.

Verma kraftverk har vore i spaltene før, og fortener ein ny runde. Rauma Energi sitt konsesjonssøkte alternativ treng dispensasjon i eit naturreservat og får det ikkje. Luftsloppet dei driv med som alternativ, treng ei total rasering av norsk vassdragsvern for å bli noko av, og Stortinget sa i vår nei til å lukte på det. Naturvernforbundet sitt alternative forslag treng ingen dispensasjonar, og har gjennom sommaren blitt ein god del meir gjennomarbeidd. Då Rauma Energi ville syne generalforsamlinga si (identisk med kommunestyret i Rauma) kva prosjekt dei driv med, inklusive luftsloppet, ba Naturvernforbundet om å få vere med på synfaringa og gjere greie for vårt alternativ. Det sa styreleiar i Rauma Energi nei til - dei kan ikkje gjere skilnad på Naturvernforbundet og andre som har meiningar om saka. Saka endte ikkje der. Naturvernforbundet var på plass i fjellet og fekk halve kommunestyret i tale der dei fekk sjå kva alternativet går ut på. Saka ligg no hos NVE. Hos klagenemnda for miljøinformasjon ligg ei sak der Rauma Energi ikkje vil ut med detaljar om dette prosjektet.

Det høyrer med til historia at det blei funne marinøkkel, nær truga på raudlista, rett på nedsida av noverande dam, og finnaren kan de sjølv tenkje dykk kven var.

Ein måned seinare gjekk turen til Jønnstad i Sunndal. Der vil nokon bygge ut den siste elva i Øksendalen, og treng litt dispensasjonar frå eit landskapsvernområde. Så dei har fått gjort ei undersøking som seier at den elvestrekninga dei vil bruke, ikkje er så verdifull, men derimot eit anna areal som dei ikkje har bruk for, det har store verdiar. Så dei har rett og slett foreslått eit byte. Kreative er dei. For å gjere det heile kort og greitt: Området som ligg utanfor verneområdet er interessant nok det. Men firmaet som har gjort undersøkinga i verneområdet som skulle bytast bort har vore kjappe i vendinga. I alle fall er det no ein rapport for dette området frå Naturvernforbundet og Forum for natur og friluftsliv (FNF) som fortel om ei rad lokalitetar av brudespore, marinøkkel og isssoleie som alle er nær truga på raudlista. Fleire lokalitetar av kvitkurle som er sårbar på same lista blei påvist, ugreitt nær leidningstraseen. Som krona på verket blei det funne fjellvalmue som ikkje står på raudlista, men er freda. Området blei undersøkt i nokre timar, så ein finn truleg meir viss ein vil. Men det bør det ikkje vere behov for. Saman med store kulturverdiar og stor sumeffekt, skulle dette vere rikeleg nok til at NVE kan be utbyggaren legge bort prosjektet. Dette prosjektet kan ikkje få noko anna enn nei.

Verdiar som avgjerande mynde skal bruke skjøn på når ofte ikkje opp. Men vi har truleg sterkare våpen viss vi berre set i gang å bruke dei for alvor.

NaturVest

er medlemsbladet til Norges Naturvernforbund på Vestlandet. Naturvernforbundet Hordaland er ansvarlig utgiver for fire nummer i året, to av disse går også ut til Møre og Romsdal.

Norges Naturvernforbund arbeider for å beskytte natur og miljø slik at menneskelig virksomhet ikke overskrider tålegrenser i naturen. Vi er en demokratisk medlemsorganisasjon med 18 700 medlemmer, fylkeslag i alle landets fylker og ca. 100 lokallag over hele landet.

Redaktør

Petra J. Helgesen

Redaksjonen

Laila Borge, Alexander Hovland, Klaus Hjerman og Øyvind Strømmen

Bidragstere

Øystein Folden, Nils Johnsen, Tone E. W. Salomonsen, Signe Sandberg, Nils Tore Skogland og Oddvar Soldal

Markedskontakt

Sverre A. Stakkestad

Layout

Tommy Lokøy

Trykk

Designtrykkeriet AS

Opplag

2800

Forsidefoto

Kyst-Norge er fullt av storslåtte opplevelser. Foto: Jo Straube

Innfelt foto

Hardanger skal vernes! Foto: Kristin Andresen Soldal
NaturVest
Pb. 1201, sentrum
5811 Bergen

Tlf. 55 30 06 60

naturvest@naturvern.no

www.naturvern.no/hordaland

NaturVest er merket med det offisielle nordiske miljømerket Svanen. Designtrykkeriet, som trykker dette bladet, er godkjent som svanemerket bedrift. Det betyr at bladet oppfyller definerte miljøkrav til papir, trykkfarge og trykkeprosessen som helhet.



Innhold

Får et vanskelig liv i surere omgivelser	4-5
Eksperimenterer med fremtidens hav	6-7
Verneområder til havs	8-9
Kronikk: Sjøfuglane i Møre og Romsdal	10-11
Miljøagentene	12-13
Historiske hendingar i Hardanger	14-16
Kva natur- og miljøpolitikk vil me ha?	17
Gode vibrasjoner i Lofoten	18-20
Bokmelding	21
Utbyggingskamp på Voss	22
Naturvernkalenderen	28

Havforskningsinstituttet skal simulere fremtidens hav s. 6-7



Fikk du ikke vært på miljøfestival i Kabelvåg? Vi gir deg to rapporter. s. 13 og 18-20.



Dette nummeret

Dette nummeret av NaturVest er viet havet. Hva har klimagassutslippene å si for biologien i havet? Hva innebærer den nye marine verneplanen? Vi gir deg en rapport fra miljøfestivalen i Lofoten, og innblikk i sjøfuglproblematikk i Møre og Romsdal.

Ellers håper vi at vi framover kan gi dere mer stoff fra lokallagene i våre to fylker. Denne gangen har vi fått bidrag fra Kvam og Voss.

Tilbakeblikk

24.mars 1989 forliste oljetankeren Exxon Valdez og det er regnet som en av de mest ødeleggende miljøkatastrofene forårsaket av mennesker på havet. I første nummer av NaturVest 1990 kunne man i hvert fall konstatere at det er «bedre med en oljeskvet på handa, enn tonnevis på stranda» Så får en håpe at Deep Water Horizon ulykken ikke får sin egen parallell om 20 nye år...



Får et vanskelig liv i surere omgivelser

Økte mengder CO₂ er ikke bare problematisk i luften. Mange av artene i havet kan få store problemer med å overleve på grunn av økt CO₂-konsentrasjon.

Av Laila Borge

Vingesneglen er vakker der den flakser rundt i havet. Den er gjennomsiktig og liten, og løfter du den opp blir den til snerk mellom fingrene dine, men får du øye på en sverm i havoverflaten, skjønner du at dette er en unik skapning.

Fordi den er så tallrik, er vingesneglen svært viktig i næringskjeden. Den er nyttig føde både for fugl og fisk.

- Den er spesielt viktig i polare strøk. I Antarktis kan den være den aller viktigste arten for hele næringskjeden. Men uten skall er den ferdig som art, forteller seniorforsker Knut Yngve Børsheim ved Havforskningsinstituttet.

Registrerer CO₂ i havet

Helt siden 1958 har forskere registrert CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren. Det har lenge vært kjent at konsentrasjonen er økende, og de siste årene har det blitt bred enighet om at økningen er menneskeskapt, og at den fører til klimaendringer.

Men det er ikke bare i atmosfæren CO₂-konsentrasjonen øker. Havet tar opp en stor del av CO₂-gassen vi slipper ut.

- Atmosfæren akkumulerer halvparten av CO₂-utslippene. En fjerdedel akkumuleres av planter på land, og havet akkumulerer trolig en fjerdedel, sier seniorforsker Knut Yngve Børsheim ved Havforskningsinstituttet.

Innenfor Bjerknes-samarbeidet har det marine forskningsmiljøet i Bergen målt havets karbonkjemi siden slutten av 1990-tallet, og fikk i fjor i oppdrag fra Klima- og Forurensningsdirektoratet å overvåke CO₂-konsentrasjonen i havet. Det kommer de til å fortsette med så lenge det er menneskeskapte CO₂-utslipp til atmosfæren.

Surere hav

Med alle farene som vi kjenner til med for

mye CO₂ i atmosfæren, må det vel være positivt at havet tar unna en såpass stor del av utslippene?

- Frem til 2004 trodde man at det var positivt, og at det ikke gjorde noen skade at havet fikk en stadig høyere CO₂-konsentrasjon, sier Børsheim.

Men så begynte noen å regne på hva økt innhold av CO₂ kan bety for havet. Havet er basisk, og det er godt bufret. Det betyr at havet aldri kan bli surt, slik enkelte elver og innsjøer i Sør-Norge ble på grunn av langtransporterte industriutslipp fra Europa.

Men CO₂ er en syre, og da forskere regnet seg frem til hvor mye CO₂ som må være tatt opp av havet etter den industrielle revolusjon, kom de frem til at det har ført til en forsurening av verdenshavene. pH-verdien har sunket fra 8,2 til 8,1. Det høres ikke mye ut, men betyr at havet har blitt mellom 25 og 30 prosent surere på et par hundre år – etter å ha hatt stabil pH-verdi i mange millioner år.

Kalk forvitrer og koraller dør

- Forsuringen påvirker kjemien i havet, konstaterer Knut Yngve Børsheim.

- Den effekten som er lettest å forutsi, er at kalsiumkarbonat – kalk – vil forvitre, og havet vil bli undermettet på kalk. Så lenge havet er overmettet på kalk, krever det ingen energi å danne kalkskall, noe mengder av skjell, koraller og andre fantastiske organismer i havet benytter seg av. Noen steder er det allerede undermetning av kalsiumkarbonat i havet, og det vil det bli flere steder hvis CO₂-utslippene fortsetter. Mange arter kan fortsatt danne kalkskall om det er undermetning på kalsiumkarbonat, men en del arter, som blåskjell, er helt avhengige av overmetning, sier marinbiologen.

På havdyp på flere tusen meter er det allerede undermetning på kalk. Data fra 1981 til 2002 viser at metningshorisonten – grensen mellom overmetning og undermetning – steg med over 100 meter i

løpet av 21 år.

- Den store frykten er at metningshorisonten skal komme til overflaten, sier Børsheim.

Sneglehus, koraller og skjell vil begynne å gå i oppløsning om havet blir surere. Krepsedyr kan bli ute av stand til å danne skallet som de er så avhengige av i livets første fase.

Nøyaktig hva som kommer til å skje med økosystemet i havet om forbrenningen av fossilt brensel fortsetter, kan ikke Børsheim forutsi.

- Jeg kan si at ting ikke kommer til å forbli som nå. Store manipuleringer av naturen går aldri bra. Havet blir ikke giftig, men store dyregrupper vil forsvinne, sier han.

- Jeg er bekymret for korallene. De fungerer som oaser i en ørken, og har stor betydning som habitat for en rekke dyr. Det finnes store kaldt vannskoraller i Norge. Inntil nylig har man ment at det er varmen som gjør at korallene blekes og dør, men trolig er forsuringen en skurk også for korallene, fortsetter han.

Vingesneglen slutter å flakse

Hittil har det vært lite forskning på vingesneglen, men fordi den danner skall av den lett løselige kalktypen aragonitt, vil den sannsynligvis få problemer med å danne sneglehus i et surere hav. Det kan få konsekvenser for hele næringskjeden i Norskehavet, Barentshavet og polarhavene.

Børsheim håper at raudåte og krill, som er de aller viktigste artene for fisken i våre havområder, skal tåle forsuringen bedre. Han er imidlertid ikke optimist. Eksperimenter har vist en rekke skader på organismer som har blitt utsatt for surere hav. Selv om krill og raudåte ikke benytter kalk i like stor grad som vingesneglen, kan de få andre problemer. Et omfattende forskningsprosjekt i regi av Havforskningsinstituttet kan de kommende årene gi svaret.



Forsuring

CO₂ og vann danner karbonsyre. Karbonsyren frigir hydrogenioner, og pH-verdien i vannet synker. Når CO₂ løser seg opp i sjøvann, fører det derfor til forsuring av havet.

Vingesneglen har et fantastisk utseende, og er fantastisk tallrik på våre breddegrader. Om havet blir surere, kan den miste evnen til å danne sneglehus og dø ut. Foto: Per R. Flood © Bathybiologica.no

Se også saken "Eksperimenterer med fremtidens hav" på neste side ►

Eksperimenterer med frem

I Matre og Austevoll kan norske arter bli utsatt for havet anno 2100.

Av Laila Borge

Havforskningsinstituttets forskningsstasjoner på Matre og i Austevoll er blant Europas største og mest avanserte forskningsanlegg for marine arter. De kommende årene kan det bli gjort viktige funn på anleggene. Her skal de viktigste artene i havet på våre breddegrader bli utsatt for "fremtidens hav".

Moderniseres

Forskningsstasjonene ble opprinnelig bygget for oppdrettsrelatert forskning. Allerede i 1971 startet forskningen på oppdrett av laks i Matre, ti år før lakseindustrien tok av her i landet.

Siden den gang har fokuset blitt endret. Nå er det ikke høy ressursutnyttelse, men bærekraftig utvikling, som er viktig. Stasjonen gjennomgår derfor nå en omfattende modernisering.

- Vi er i ferd med å få på plass nye fasiliteter som gjør at stasjonene også blir godt egnet for klimarelatert forskning. Vi kan for eksempel lage et scenario med den temperaturen og surhetsgraden som oseanografene antar vil være gjeldende i 2100, forteller forsker Tom Hansen ved forskningsstasjonen på Matre.

Tester norske arter

Hittil har det vært gjennomført få forskningseksperimenter med forsuring av havvann. De eksperimentene som har vært gjort, har stort sett omhandlet arter fra varmere strøk.

Havforskningsinstituttet har nå fått innvilget midler til ti års forskning på temaet. De er i full gang med ansettelser og investering i nytt utstyr, og i høst går de i gang med forsøk.

- Vi har et spesielt ansvar for de norske fiskeriene, og kommer derfor til å gå rett på raudåte og krill. Raudåte danner skall av et polysakkarid, men de harde delene er forsterket av noe kalk. Krill har samme skalltype som reker, som inneholder 25 prosent kalk. Jeg håper virkelig ikke at vi ser noen virkning på dem, sier marinbiolog

Knut Yngve Børsheim. Han ser frem til å få harde data på bordet, men frykter å få negative resultater.

Havforskningsinstituttet skal også forske på større arter, som torsken. Nyere forskning viser at fisk kan få uventede problemer i surere hav.

- I de eksperimentene som har vært gjort andre steder, har det kommet veldig mange negative effekter av økt CO₂ – konsentrasjon. Et eksempel er klovnefisken, som finnes ved Great Barrier Reef. Da den ble utsatt for fremtidens hav, fikk den svekket luktesans. Det førte til at den mistet evnen til å gjenkjenne slektningene sine, noe som øker faren for innavl og sykdommer, forteller Børsheim.

Om et år regner han med å kunne presentere de første resultatene fra det omfattende forskningsprosjektet på norske arter.



Seniorforsker Knut Yngve Børsheim ved Havforskningsinstituttet har vært involvert i forskning på karbonkjemien i havet siden 1990-tallet. Her kontrollerer han en maskin som måler oppløst organisk stoff i havvann. Foto: Laila Borge



tidens hav



Forskningsstasjonen på Matre har fått nye, moderne fasiliteter. Foto: Havforskningsinstituttet

Verneområder til havs

Om noen få år kan båtferien langs kysten innebære en tur igjennom en nasjonalpark. Til høsten skal nemlig den første marine verneplanen i Norge ut på høring.



Marine verneområder er en ny verne-kategori innenfor norsk naturvern og ble introdusert igjennom lov om naturvern. Målet er å kunne verne om marine økosystemer og arter på samme måte som på land. Dette innebærer at det i enkelte områder kan innføres restriksjoner eller forbud mot alle typer virksomhet, herunder kommersielt fiske og oljeutvinning.

Marin verneplan

I over 50 år har man jobbet med å sikre vern av det som heter "et representativt utvalg" av norske naturtyper og selv om dette arbeidet nå er kommet langt, så har planen aldri omfattet det marine livet. Som følge av stortingsmeldingene *Biologisk mangfold* og *Rent og rikt hav* ble det i 2001 vedtatt at man skulle utarbeide en egen marin verneplan.

I 2003 ble det gitt ut en såkalt A-liste med 39 aktuelle områder til en marin verneplan. Av disse 39 områdene finner man Lindåspollen, Lurefjorden, Korsfjorden og Ytre Hardanger som aktuelle kandidater i fra Hordaland. Det var likevel ingen områder fra Hordaland som kom med blant de 17 utvalgte, da oppstartsmeldingen for første fase av den marine verneplanen ble sendt ut på høring høsten 2009.

Aktuelle restriksjoner

Selv om det åpnes for restriksjoner i forhold til fiske vil de marine verneområdene i første omgang innebære forbud og begrensninger når det gjelder bunn-tråling og uttak av masse. Det vil også bli vanskeligere, og også forbud mot, større fysiske inngrep som kan påvirke verneverdiene i områdene. Dette kan innebære restriksjoner på oppdrettsanlegg. Eksempler på aktuelle virkemidler og restriksjoner er:

- Restriksjoner av utslipp fra jord- og skogbruk
- Restriksjoner på mulighet til å opprette og å utvide eksisterende småbåthavner
- Restriksjoner på redskapstyper og enkelte typer kommersielt fiske (for eksempel skjellskapring)
- Restriksjoner på tiltak som utfylling, byggevirksomhet, mudring, deponering av masse, undervannssprengning, kabellegging
- Restriksjoner mot utslipp av kjølevann, utslipp av ballastvann og omrøring av vannmasser
- Restriksjoner på utnyttelse av mineralske ressurser og installasjoner for energitutnyttelse

For den enkeltes bruk, for eksempel i form

Marin Verneplan I

Følgende 17 områder er under utredning i forbindelse med den første marine verneplanen og omfatter verdier både av biologisk- og geomorfologisk karakter.

- Transekt Skagerrak: Målet er å ivareta det undersjøiske landskapet med tilhørende plante- og dyreliv, som et representativt utvalg for Skagerrak.
- Framvaren: Liten fjord med trangt innløp og begrenset tidevannsutveksling. Vannet er brakt og har svært høyt innhold av sulfid. Bunn sedimentene er dermed upåvirket av omrøring som følge av dyr og planter.
- Jærkysten: Særegent område med store grunne partier med sand- og steinbunn. Området preges av stor fysisk dynamikk pga. bølger og strøm og utgjør et høyproduktivt og krevende miljø for en spesialisert fauna.
- Gaulosen: Det eneste gruntvannsområdet inkludert i verneplanen og som er dannet av et elvedelta innerst i en fjord. Ett av få relativt uberørte elvedeltaer og estuarier ved utløpet av en større elv som ikke er regulert for kraftutbygging.
- Rødberg: Verneverdiene er særlig knyttet til hardbunnslokalitetens spesielle og artsrike flora og fauna, og da særlig korallrevet.
- Skarnsundet: Strømrøkt sund med en dyp terskel i indre Trondheimsfjord. Området har en spesielt rik fastsittende fauna med grunn forekomst av flere arter bløtkoraller og svamper.
- Tautrøyggen: Morenerygg som danner en terskel mellom to bassenger i det midterste fjordavsnittet av Trondheimsfjorden med rike korallforekomster.
- Borgenfjorden: Relativ grunn og beskyttet marin poll, som er forbundet med fjorden utenfor, gjennom en sterk tidevannsstrøm
- Vistenfjorden: Meget spesielle naturtyper i indre del med poll, meromiktiske sjøer og undersjøiske grotter.
- Nordfjorden i Rødøy: Karakterisert som en spesiell fjord med grunn terskel og bratte fjellsider i et sterkt alpint landskap.
- Saltstraumen: Terskel med meget sterk strøm som utgjør verdens sterkeste malstrøm. Området har et rikt dyreliv av fastsittende former og fisk.
- Karlsøyvær: Stor spennvidde i naturtyper med grunne partier ved fastlandet, en dyp renne og et kupert skjærgårdsområde.
- Kaldvåg fjorden og Innhavet: To separate delområder som til sammen utgjør et særegent pollsystem med meget stor spennvidde i naturforhold.
- Ytre Karlsøy: Stor spennvidde i naturtyper. Området inneholder store grunne partier med øyer, holmer og skjær.
- Rossfjordstraumen: brakkevannspoll forbundet med sjøen gjennom Rossfjordstraumen som strekker seg over et flere km langt tidevannsområde.
- Rystraumen Terskelområde med sterk strøm og et rikt fastsittende dyreliv.
- LoppHAVet: omfatter en dyp renne inn i Sørøysundet med bratte undersjøiske fjellvegger, grunne fjorder og vikar i et alpint landskap, samt grunne eksponerte områder og strender nord og vest av Sørøya.

av fritidsfiske og lignende, er det likevel lagt opp til få eller ingen restriksjoner. Planen legger heller ikke opp til at man skal gripe inn i allerede eksisterende virksomhet.

Spillerom for fremtiden

Selv om det foreløpig ikke er valg ut

områder i Hordaland, er det likevel lurt å følge med på det arbeidet som nå gjøres og på høringen som blir gjennomført i løpet av høsten. Utfallet av dette arbeidet vil nemlig være med på å definere det spillerommet man har når neste del av verneplanen skal utarbeides.

Sjøfuglane i Møre og Romsdal



Ei velforeining ville lage til ein badeplass på ein holme i Tingvoll. Eit vilkår er at det blir sett opp "måse Brett" på den delen av holmen som er minst interessant for badelivet. Breidda på brettet her er ca. 40 cm, med kant rundt. Tida vil vise om fiskemåka kjem greitt ut av det. Foto: Øystein Folden.

Ein del sjøfuglar kan bli ganske gamle. Det kan sanneleg ein verneplan for sjøfugl også bli, men no, etter tolv år, er 36 hekkelokalitetar for sjøfugl verna i Møre og Romsdal.

Av Øystein Folden

Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Fiskemåka er mellom dei sjøfuglane mange kjenner til. Det er truleg kring 135 000 par som hekker i Noreg. Eit stort tal, men mange farer trugar likevel, sjølv

om fiskemåka ikkje står på raudlista. Til dømes har vi kring 25% av den europeiske bestanden av fiskemåka hos oss, og følgjeleg har vi internasjonale plikter knytt til arten. I utgangspunktet hekker fiskemåka langs kysten på mindre holmar der landpattedyra ikkje kjem til. Men mykje

har endra seg. Menneske har slept ut både minken og katten, så småholmane er ikkje lenger brukande. Dessutan har vi bygd ein heil masse parkeringsplassar og bygningar på stader der fiskemåka kunne hekke. Fiskemåka har trekt innover i landet, og i småvatn i fjella der det før var sniper er det no fiskemåke. Så har snipene fått eit problem. Langs kysten er fiskemåka i stor tilbakegang. Men fiskemåka er tilpassingsdyktig, og hekker no ofte på hustak i mangel av andre høvelege stader. Hustak er lite tilgjengeleg for mink og katt, og ein del hus står jo nettopp der fiskemåka budde før. Støyen kring fiskemåka er stor.

Det ville til dømes vere bra om fiskemåke kunne hekke langs kysten og utanom der folk bur, slik at konfliktnivået med folk minkar og presset på innlandsvatna kan reduserast.

Fuglen veit jo å seie frå at han finst, og folk som har soveromsvinduet sitt ut mot hustaket til naboen, har tydelegvis fått nok. Kommunane får stadig spørsmål om fellingsløyve frå folk som vil bli kvitt "spetakkelet".

Påverkar fuglelivet

Dei andre fuglane er berørt, ofte på andre måtar, av menneska si verksemd, og bestandane er i stadig tilbakegang. Vi fisker opp maten til desse fuglane og gir det som for til tamlaksen. Vi skjær tare slik at nye fiskegenerasjonar ikkje har nokon tareskog å gøyme seg i. Der fyrvaktarane før levde i sameksistens med det einaste livet utanom dei sjølve, har turistane rykka inn, og dei har ikkje same vørdraden for hekkande sjøfugl. Fritidsbåtane blir fleire, nausta blir fleire, landskapet veks igjen som følgje av at bonden har blitt oljearbeidar i staden. Sjøtemperaturen har auka slik at fiskeegg og yngel er tidlegare ute enn før, og hekkinga skjer truleg plutsleg for seint med omsyn til optimal mattilgang. Dei fleste sjøfuglane er i stor tilbakegang.

Verneplan

Kvifor tok det så lang tid med å få vedtatt verneplanen for sjøfugl? Mykje av det skuldast nok at det fanst andre interesser knytt til desse areala. Allereie tidleg i slutthandsaminga blei det klart at Hareidsmyrane fall ut av planen. Dette er ein av få plasser der sjøfuglbestanden har vore i vekst, og mange av artane er representert. Men kva hjelp det når driftige sunnmøringar drenerer ut myra for å bygge industri i staden? Industrien og lokaldemokratiet vann fram, med

sjøfuglane som tapande part.

Fugleøya i Kristiansund ligg som eit hår i suppa for oljeindustrien i byen. Dei treng endå nokre hundre mål med sjønære industriareal og såg gjerne at heile Kristiansund kunne bli som Danmark eller Nederland, flat og med industrikai som vern mot havet. Der vann heldigvis sjøfuglane, men kampen var hard, truleg til siste slutt.

Vanskelegare var nok forbod mot taretråling, og ein del av naturreservata har opna for taretråling framleis. Det er gjort litt skilje etter kva fugleartar som har mest nytte av tareskog, men tarenæringa har heilt klart fått ein del gjennomslag utover det som er bra for sjøfuglane og anna liv i havet.

Sjøfuglane slit også utanom verneområda. I samband med tilrettelegging av næringsareal ved flyplassen i Kristiansund er det dei siste par åra skote vekk fleire hundre mål med fjellknausar. Sjølv om ikkje dette akkurat har vore noko fuglefjell har vel ein del fuglar blitt huslause. I alle fall går det rykte om at fleire fiskemåkar har slått seg til på hustaka det siste året, og ein betydeleg aktivitet med hageslangar for å spyle ned reira. I Fiskåbygd ville handelsnæringa ha blankofullmakt til å fjerne måkerei i sentrum. Spørsmålet har også vore oppe andre stader.

Treng hjelp

Sjøfuglane treng heller ein del hjelp framover, også utanom verneplanen. Det ville til dømes vere bra om fiskemåke kunne hekke langs kysten og utanom der folk bur, slik at konfliktnivået med folk minkar og presset på innlandsvatna kan reduserast. Eit av tiltaka som moglegvis kan hjelpe er å lage til hekkeplassar. Krava til slike er truleg heller enkle: ei hylle av noko slag, plassert slik at verken mink, katt eller raudrev slepp til. Eller i klartekst - brett på staur. Dette er tiltak som mange kan prøve på. Dei som bur lagleg til kan rett og slett setje opp eit brett eller to og så sjå korleis det går. Verkar tiltaket bra så er det faktisk noko som kan telje litt og som mange kan vere med på. Inspirerar det til å gjere noko med problema for dei andre sjøfuglane også, så er det rett og slett ein bra start på eit nytt og betre liv, for oss og sjøfuglane.

Skremmande mykje lakselus

Oppdrettsnæringa sine registreringar av lakselus for juli månad viser skremmande tal. Samanlikna med kriseåret 2009 er talet på vaksne holus pr laks dobla i Sogn og Fjordane. I Hordaland er auken 50 prosent. Likevel er lusetrykket framleis størst i Hordaland med 0,6 lus pr fisk i gjennomsnitt. I Sogn og Fjordane er det 0,4 vaksne holus pr. oppdrettslaks - Dei høge lusetalet på Vestlandet stadfestar at problema med lakselus ikkje er løyste. Når vi veit at det er meir enn 1000 gonger fleire oppdrettslaks enn villaks i sjøen, vil smittepresset av lakselus vera over tolegrensa for villfisker i svært mange deler av landet, seier dagleg leiar i Norske Lakseelvar, Torfinn Evensen. Sjøauren som frå naturen si side held seg i fjordane heile sommaren, er spesielt plaga av at det er så mykje lus. På liten aure vil nokre få lus føra til store plager og i mange tilfelle dør fisken. Store luseangrep får fisken til å søkja til ferskvatn tidlegare enn normalt. Resultatet kan verta liten og mager fisk som har dårlegare evne til føra arten vidare.

Kabel til Mallorca

REE Electríc (Spanske Statskraft) byggjer for tida ein kraftledning mellom fastlandet og Mallorca, maksimal djupne er 1485 m (Hardangefjorden ca 800 m). Lengda er 237 km og prisen er 375 millionar Euro inkludert transformatorane. Spenninga er 250 kV og kraftmengda er 400 Megawatt. Det er ikkje heilt på nivå med den planlagde spenninga og kraftmengda i Hardanger, men det er høgspenning. Ikkje uventa vert kabelteknologien levert av det norske firmaet Nevans.

Hemmelig økomelkoppdrag

Rapporter fra et hemmelig økomelkoppdrag kan lastes inn på Miljøagentenes nettsider. Oppdraget går i korte trekk ut på å finne ut hvilke butikker som respekterer miljøvennlige melkekjøpere og hvilke som gir blaffen i økomelk. Hvilke butikker i ditt nærområde hadde økomelka lett synlig, og hvilke hadde gjemt den bort?

Rapporter på www.miljoagentene.no.

Miljøagenter delte ut Sofieprisen

To modige miljøagenter hadde fått æren av å dele ut Sofieprisen. I år gikk den til en bestefar.

Av Klaus Hjermann og Miljøagentenes hovedkvarter

Sofieprisen, en av Norges viktigste miljøpriser, ble i år gitt til den amerikanske klimaforskeren, politiske aktivisten og bestefaren James Hansen. Hans utrettelige faglige og politiske arbeid for at også fremtidige generasjoner skal få et levedyktig miljø, kan ikke prissettes høyt nok. Men la oss håpe at prispokalen og den medfølgende pengesummen på rundt 600 000 kroner, gir den 69 år gamle Hansen motivasjon til å fortsette sitt arbeid og sin aktivisme til han blir hundre.

Miljøagentene Birk og Martine briljerte under showet. Publikum var tydelig imponert over budskapet de kom med, og de to miljøagentene mottok stor applaus. Etter prisutdelingen fikk de to møte og intervju Jostein Gaarder.



Miljøagentene Birk og Martine overrekker James Hansen Sofieprisen. Foto: Mari Monrad Vistven

La oss ta vare på Lofoten!

Onsdag 4. august ble tilreisende miljøagenter tatt godt imot av lokallaget i Vågan. Miljøagentene var klare for miljøfestival i Kabelvåg!

Av Petra J. Helgesen og Miljøagentenes hovedkvarter

Miljøfestivalen varte fra onsdag til søndag, og Miljøagentene hadde sitt eget program hele veien. Miljøagentenes festivalprogram startet med byvandring og åpningen av kunstutstilling på onsdag. Sjefsagent Trond Enger fikk æren av å åpne utstillingslokalene, der det hang bilder som Miljøagentene hadde malt. Alle bildene forestilte truede dyrearter, for å vise hvor viktig det er å ta vare på naturen vår.

Miljøagentene hadde et tett og spennende program de neste tre dagene. Den største gruppen gikk på fjelltur til Tjeldbergtind på torsdag, og de fikk en fantastisk utsikt over Kabelvåg og Svolvær. De som ikke ble med på fjellturen, klatret i klatrevegg med dyktige instruktører.

På fredag dro agentene til akvariet i Lofoten. Her fikk de se spennende trollkrabber, mating av steinkobber og ottere, og mange andre spennende innbyggere fra havet. Etterpå dro de i den økologiske hagen og grillte pølser med pinnebrød, og med marsmallows til dessert. Dagen ble avsluttet med krabbefangst og bading i fjorden.

På lørdag lærte alle deltagerne om dyrelivet i Lofoten, og de tegnet og formet dyr med blyant, modelleringskitt, saks og papir. Under folkefesten på torget fikk de tegne og male t-skjorter, lage buttons, og det var egen konsert og fortellerstund for de som ikke ville henge med de voksne.

Miljøagentene satte absolutt sitt preg på Folkefesten mot oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja!



Miljøagentene kom seg helt til topps. Foto. Miljøagentene

Historiske hendingar i Hardanger

Fredag 2. juli i år stadfesta Olje- og Energidepartementet (OED) at Statnett skulle få byggja 420 kV luftlinje gjennom Hardanger.

Av Oddvar Soldal

leiar i Naturvernforbundet i Kvam

Me i Naturvernforbundet i Kvam visste sjølvsagt om NVE sitt tidlegare vedtak av 30. mai 2008 og hadde klaga på det, saman med nær 70 andre organisasjonar, bedrifter, kommunar, fylkeskommune og grunneigarar. I tillegg hadde dei politiske fylkespartia gjort vedtak mot luftspenn. Det hjalp ikkje. Naturen tapte i alle OED sine enkeltvurderingar, som til dømes kryssinga av Osafjorden og Granvinsfjorden: «Til tross for de negative landskapsvirkningene er departementet kommet til at hensynet til landskapet isolert sett ikkje er til hinder for fremføring av ledningene i konsesjonsgitt trase frå Sima kraftverk til Giljafjellet.» Dei

same vurderingane kjem att gong etter gong i høve til «landskap», «friluftsliv», «fugl», «naturtyper og vegetasjon», «inngrepssoner» og «kulturminne».

Eit styremøte i Naturvernforbundet

Me som har arbeidd mot luftlinja i fem år, vart både skuffa og forbanna. Til all lukke har det vore mange som har gjort eit grundig arbeid sidan planane vart offentlege våren 2005. Den vesle tuva som vonleg kan velte lasset, var eit styremøte i Naturvernforbundet i Kvam i juni 2005. Klaus Rasmussen som då var styremedlem i laget, hadde alt vore i kontakt med motstandarar av linja og tok på seg å organisera det som vart Folkeaksjonen i Hardanger. Jan Ivar Rødland frå Granvin

vart leiar i Folkeaksjonen og Klaus Rasmussen sekretær. Dei fekk med seg dugande folk. Utan det jamne arbeidet frå Folkeaksjonen, mange politiske parti og den landsomfattande aksjonen Bevar Hardanger, som kom i gang etter vedtaket i NVE, hadde det ikkje vore godt nok grunnlag for oppreisten som kom etter 2. juli i år.

Bukk og havresekk

Frå dag ein ba Folkeaksjonen om at sjøkabel måtte utgreiast som alternativ til luftspenn. Om mogeleg kunne kabelen leggjast i tunnel under Kvamskogen i lag med ein vegtunnel. Statnett tok ikkje hintet. Dei søkte berre om luftspenn. Etter reglane i energiloven vart det dermed



Berre eit par steinkast frå den planlagde linja på Selesete aust for Fitjadalen var alle demonstrantane samla. Foto: Kristin Andresen Soldal

berre luftspenn som vart utgreidd, og som det seinare formelt kunne klagast på. Rett nok har det vorte laga rapportar om sjøkabel, men kabel har ikkje vorte utgreidd på same måten som luftspennet. Fram til klagehandsaminga er det berre Statnett og NVE som har hatt saksbehandlinga. OED har som nemnt vore klageinstansen og svaret på klagane er undertekna «etter fullmakt» Per Håkon Høisveen, ekspedisjonssjef. Svaret på klagen og sakshandsaminga generelt vart så klaga inn for sivilombodsmannen av kommunane Granvin og Ulvik og Den Norske Turistforening. Sivilombodsmannen ber om at OED forklarar kvifor ei slik omfattande og prinsipiell sak berre vart handsama på embetsmannsnivå. Samstundes kjem miljøvernministeren på banen for fyrste gong. Han ser også at sakshandsaminga er for dårleg og vil arbeida for at kraftlinjer skal behandlast etter plan- og bygningsloven. Berre Statnett si eigarform burde medføra ei anna sakshandsaming. Det er staten ved Olje- og energidepartementet som eig Statnett. Øvste myndigheit er foretaksmøtet, som er olje- og energiministeren. NVE er tilsynsmyndigheit for Statnett. Her er det snakk om bukk og havresekk på høgt nivå.

Undervurdert motstanden

– Frå dag ein har også utbyggjarane undervurdert motstanden mot luftlinja i Hardanger, tenkjer eg laurdag 14. august. Ei lenkje av turgåarar går langs den planlagde linja frå Sjusete til Soldal i Kvam. Dei mange dialektane fortel at motstanden har vakse ut av Hardanger og vorte ein landsomfemnande aksjon. «Linja er det desiderte største, planlagte menneskeskapte naturinngrep i regionen. Det er svært gledeleg å registrera den unisone motstanden frå kommunane i Hardanger. Det er stadig færre område som er fri for tyngre tekniske inngrep. Å ta vare på dei få gjenverande områda må få avgjerande vekt når det gjeld planlegging i Norge.» Dette skreiv Bergen Turlag i fråsegna si til konsesjonssøknaden. Turleiarane går med vestar frå DNT og viser veg langs den planlagde linjetraseen i skoggrensa langs Torefjell, ned i Fitjadalen og opp att over åsen til Selesete på Heiane, der alle deltakarane samlar seg til matøkt, apellar og kultur. Vidare går me mot høgaste punktet på turen, Soldalsfjellet, der alle ber med seg ved til ei vardebrenning medan Tina Kjerland spelar hardingfele og sola

nærmar seg horisonten i vest. Det beste urørte reisemålet i verda. NVE-direktør Aas si utsegn om at mastene nesten ikkje vert synlege frå fjorden, trur ingen av oss på. NVE og OED har faktisk gjeve løyve til at linja skal bandleggja over 90 kilometer i 40 meter breidde, nesten 1000 fotballbanar. Dei høgste mastene vert 45 meter og forsterkar inngrepet som vil brøyta seg fram gjennom kulturlandskap, stølsområde, viktige turmål, urørte naturområde i fjordlandskapet som *National Geographic* vurderer som «det beste urørte reisemålet» i verda. Det er ei av dei viktigaste merkevarane våre internasjonalt. Ingen av oss som går marsjen, tvilar på det. Eg tenkjer på statsministeren og den raudgrøne regjeringa. Dei vil gjerne ha tillit, men då me tru på det dei seier og dei vedtaka som vert gjort. Me har fått vita at det er ikkje økonomiske grunnar til at ein har valt linje i lufta framfor ein langt dyrare kabel i sjøen. Da blir det litt underleg, og også vanskeleg å forstå, at Hardangerbygdene skal få 100 millionar kroner i avlatspengar. Det ville vera klokt no om regjeringa sa at "dette har vi ikkje handtert godt nok. Me vil høyra på folket i Hardanger". Det er nemleg fullt mogleg å koka problemstilling ned til eit par punkt: Korleis sikrar me stabil, langsiktig tilføring av mest mogleg berekraftig kraft til Bergensregionen, og korleis gjer vi det med minst mogleg skadeverk på miljøet? – Men me har ei kjensle av å ha ytt rikeleg til storsamfunnet frå før, når det gjeld kraftutbygging og naturinngrep. Linja er berre ei transportåre og er ikkje til nytte for regionen. Ein kan også spørja om det er etisk rett å rasera naturen i Hardanger for å kunna pumpa meir gass opp frå Troll-feltet, har Jan Ivar Rødland sagt. Eg tenkjer på dei to arbeidartimedlemene Stoltenberg og Rødland medan Monsterkoret syng "Vårt Hardanger: her skal me leva, lat vår fjellheim i fred" saman med over 700 meddemonstrantar. Dei vert etterfylgt av ei protestvise som utviklar seg til eit show slik berre Ove Thue får til. Manande appellar kjem frå politikarane Torstein Dahle (Raudt), Ola Elvestuen (Venstre), Bjørn Lødemel (Høgre) og Oddny Miljeteig (SV). Det er stigande stemning med Lasse Heimdal frå Friluftslivets fellesorganisasjon og Jan Thomas Odegard i Noregs Naturvernforbund. Under oss, utover og innover, blenkjer Hardangerfjorden og innover i fjellheimen

"Jeg vet ikke om Bergen trenger en ny kraftlinje, men ser klare indisier på at så ikke er tilfelle" "Mens regjeringen har vært uprofesjonelle, har vi søkt å være det motsatte" (Næringslivsleiar og sjølvstendig næringsdrivande Johan Fredrik Odfjell i Klassekampen)



Kampanjemateriell fra Bevar Hardanger.

mot Hamlagrø ligg fjellheimen så godt som urørt.

Statnett tek seg til rette

Då eg gjekk gjennom deler av marsjruta tidlegare i august, stoppa eg på toppen av Soldalsfjellet, vel 700 meter over havet. På det vesle platået er det planlagt tre master for at linja skal koma over. Falma trestikker markerer mastefesta. Stikkene har stått der sidan 2006. Trass i at konsesjon ikkje var innvilga før i slutten av mai 2008, var Statnett i gang med arbeidet sitt. Sommaren 2006 dura helikoptera langs traséane som berre var merka som framlegg på eit kart. Statnett sine folk dreiv med prøvestikking, oppmåling og hogst. Slik åtferd provoserer. Det gir ei avmaktskjensle når den store verksemda tek seg til rette før noko er avgjort. Tilliten til Statnett vert svekka.

I klageperioden har dei vore flittige. Dei har forhandla med grunneigarar om område for montering av master og mastedelar, landingsstader for helikopter, plass til lager og brakkeriggjar. Alt med tanke på bygging av luftlinje. Tilliten minkar. Så stadfestar OED at det vert luftlinje som omsøkt. Den politiske kampen som til slutt pressa regjeringa opp i eit hjørne, tek til. Igjen undervurderer utbyggjarane motstanden. Regjeringa tek ein "snuoperasjon", mest for å berga sitt eige skinn. Mange ordførar i Hordaland vert kalla til møte i Oslo. Resultat: Statnett sin konsesjon står ved lag, men sjøkabel skal vurderast av eit uavhengig utval, fortel ordførarane. Ministeren seier at sjøkabel skal vurderast på nytt, men er så uklar at ein får inntrykk av at dei ikkje har vore på same møtet. Samtundes og uavhengig av klagehandsaminga har Statnett lege eit

hestehovud framfor og igjen teke seg til rette, heile tida med sikte på å byggja luftlinje som skal vera klar i 2012. Før klagen er avgjort, har statsselskapet inngått kontraktar for kring 100 millionar.

«Det er ikke inngått kontrakt med ledningsentreprenør om bygging av Sima-Samnanger. Det siste halvåret er det derimot inngått flere kontrakter for levering av materiell til ledningsbyggingen. I februar 2010 inngikk Statnett kontrakt om levering av stålmaster med den kroatisk leverandøren Dalekovod. I første omgang omfattet kontrakten anskaffelse av råstål som senere skulle benyttes til produksjon av master. Pr. i dag er det produsert rundt 50 av i alt 283 master.

De andre inngåtte kontraktene er:

- Mai 2010 - Statnett inngikk kontrakt med norske Dokka Fasteners om levering av fotbolter.
- Mai 2010 - Statnett inngikk kontrakt med norske Fremo om levering av barduner.
- Juli 2010 - Statnett inngikk kontrakt med bahrainiske Midal Cables om levering av liner.
- Juli 2010 - Statnett inngikk intensjonsavtale med kroatisk Dalekovod om bygging av ledningen. Kontrakten er fremdeles ikke ferdig forhandlet eller signert.»

Dette kan vi lese i ei pressemelding av 22. august på Statnett sine heimesider. Til Bergens Tidende 20. august seier kommunikasjonssjef Rune Gutteberg Hansen i Statnett at ingen kontrakter er inngått. To dagar seinare vedgår han at han ikkje var oppdatert på kontraktane som firmaet har inngått frå februar til juli i år.

Ein skjønar litt av bakgrunnen for at olje- og energiministeren vil starta bygging i Samnanger i haust. Ein kan også lura på om ministeren har tru på sjøkabel når han absolutt må setja opp master sju-åtte år før dei kan transportera straum frå sjøkabelen. Tilliten til Statnett og regjeringa er på eit lågmål.

Bevar Hardanger

I slutten av august har mediestormen kome ned i frisk bris. Motstandarane oppsummerer og arbeider vidare. Den politiske leiinga i kommunane i Hardanger og Bergensområdet held trykket oppe. Dei krev at det ikkje vert bygd noko før utgreiinga om sjøkabel er klar og energitrongen i Bergensområdet er vurdert av andre fagmiljø enn Statnett og NVE.

Leiar i Bevar Hardanger Klaus Rasmussen er optimist. Han trur ikkje regjeringa set i gang på tvers av krava frå lokalpolitikarar og fylkespolitikarar.

Den folkelege motstanden mot utbygging vert samla under fellesskapet Bevar Hardanger. Planane for bruk av sivil ulydnad vert utforma av ein eigen organisasjon. Det skal framleis skrivast historie i Hardanger. Minst to alternativ er mogelege. Viss regjeringa trekkjer tilbake konsesjonen, er det historisk. Minst like historisk er det om Hardanger vert ofra for ei luftlinje som det kan visa seg ikkje trengst.



Arvid Åsprang med sin saksofon var ein av dei mange kunstnarane frå Hardanger som også gjorde marsjen til ei stor kulturoppleving. Foto: Kristin Andresen Soldal

Nyttige heimesider

- Bevar Hardanger:
www.bekarhardanger.no
- Folkeaksjonen i Hardanger,
www.stopp-kraftlinje.no
- Folkeaksjonen mot 420 kV
luftlinje Ørskog – Fardal
www.kraftlinja.no
- Statnett:
www.statkraft.no
- Norges vassdrags- og
energidirektorat (NVE)
www.nve.no



Geografi og inngrep

Frå Øystese ved Hardangerfjorden skjer Fitjadalen som går over i Vossadalen, seg inn mot Hamlagrø. Her er utsyn frå stien til fjellet Skrott (1320 moh). Me ser Fitjadalsvatnet, fjorden og Folgefonna på andre sida av fjorden. Den planlagde linja kryssar dalen like nedafor utløpet av Fitjadalsvatnet og går vestover, det vil seia til høgre opp i lia mot Torefjell og til Kvamskogen. Dei planlagde mastene vil stå langs Heiane og Soldalsfjellet, som er åsen mellom vatnet og fjorden. Her gjekk også marsjen med meir enn 700 demonstrantar laurdag 14. august. Øystesevassdraget er kjernen i villmarksområdet mellom Bergsdalen, Kvamskogen Fyksesund og Hardangerfjorden. Både Naturvernforbundet i Kvam og Hordaland, og Bergen Turlag har føreslege å verna det som landskapsvernområde.

Foto: Kristin Andresen Soldal

Kva natur- og energipolitikk vil me ha?

Hovudspørsmålet om kraftlinjene i Hardanger handler om kva natur- og energipolitikk me vil ha i Norge. Me treng ikkje velja mellom nok straum til Bergen og bevaring av den viktige Hardanger-naturen, sjølv om det til tider kan høyrast slik ut i debatten.

Utrekningar som Naturvernforbundet og andre har gjort viser at energieffektivisering kan redusera krafttrongen i Bergen monaleg.

Å bruka pengar på å leggja om energibruken, for eksempel ved å gje støtte til hushaldningar og industri i Bergensområdet, er det mest miljøvennlige tiltaket. Det vil føra til lågare

straumrekningar og kan stilla trongen for kraftlinjene i eit helt nytt lys. Denne sida av saka er ikkje utgreidd.

Det er verdt å nemna at fylkespolitikarane i Hordaland har vedteke ein klimaplan for fylket for perioden 2010 til 2020. I planen er hovudmål for energi at «Energibruk til stasjonære føremål og prosessføremål i Hordaland skal reduserast med 30 prosent innan 2020 og 50 prosent innan 2050».

Innen 1.februar skal regjeringa gjennomføre ein ny gjennomgang av det dei kallar sjøkabelalternativet. Naturvernforbundet meiner at ein også tek energieffektivisering i Hordaland med i denne vurderinga. Det vil

vera med å endra biletet av energitrongen i regionen. Dersom milliarden som er planlagt brukt på luftspennet i Hardanger vert brukt til energieffektivisering i staden, vil det frigjera 2 til 3 terrawatt-timar med straum. Dette tilsvarar nesten en tredjedel av kraftproduksjonen i området. Det ville vore eit solid bidrag til kraftbalansen og samstundes gje Bergen trygg strømforsyning.

Regjeringa vil framleis starta bygginga av mastene alt i haust. Naturvernforbundet meiner det vil vera eit tragisk feilgrep å setja i gang bygginga av mastene dersom det kan vise seg at hele prosjektet er uturvande.

Gode vibrasjoner i Lofoten

Miljøaktivister. Folkehøyskole. Sol. Natur. Debatter. Kok dette i hop og du får en herlig gryte av en sommerdrøm!

Av Tone E.W. Salomonsen

Biologisk mangfoldighet

Å beskrive Naturvernforbundets Miljøfestival i Kabelvåg er ingen enkel jobb, spesielt fordi det skjedde så mye hele tiden. Min opplevelse skal fortelles om her.

Ettersom lokomotivet sporet av på Nordlandsbanen, var denne skribenten litt seint ute på åpningsdagen, men likevel tidsnok til å få med seg en frydefull tur til toppen av Tjeldbergtinden. Å stå på denne fjelltoppen og skue utover havet, sammen med en gjeng ihuga miljøaktivister, var litt av et opplevelse. For ikke å nevne turen ut til Gimsøy dagen etter. En faglig innføring i forkant av utflykten, ga oss inngående kjennskap til hvordan fisken og dyreartene som lever av fisk vil bli drevet fra skanse til skanse ved et oljeutslipp. Med den dyktige biologen Jon Stenersen som turleder, fikk vi også grundig innføring

i det biologiske mangfoldet som finnes i fjæra. Vi fikk sett sel, havørn og lomvi på veien, og fikk naturligvis pekt ut området som på byråkrat-språket tørt betegnes som Nordland 6 og 7. Det var ikke vanskelig å visualisere konsekvensene av et eventuelt oljeutslipp, for å si det sånn.

Det var også mulig å studere livet i havet fra kano og seilbåt, for de som foretrakk turer på sørsiden. En av deltakerne fikk se en delfin på nært hold og ryktene sier at en annen ung mann var så heldig å få en sjelden oppvisning fra en spekkhogger. Med slike omgivelser innser man fort at oppholdet var verdt den lange reisen, for det er langt (!) å reise til denne delen av landet, i hvert fall for en «søring».

Lørdagen startet også godt, da Heidi Sørensen, statssekretær i Miljøverndepartementet, og Torbjørn Lange, avdelingsleder i seksjons for

friluftsliv og arealforvaltning, presenterte den nye naturmangfoldsloven. Tatt i betraktning den komplekse lovgivningen må det sies at de to gjennomførte et pedagogisk mesterstykke i formidling. Naturvernforbundet kunne i tillegg trøste oss med at det vil bli holdt todagerskurs i flere regioner for de som ønsker det.

Fest og alvor

Det hele toppet seg med folkefest mot oljeboring på torget hele resten av lørdag, og stemningen var upåklagelig da artister som Kine Hellebust og Lars Bremnes entret scenen. For ikke å snakke om da partilederne fra SV, Sp, V og Rødt og nestlederen i KrF troppet opp til paneldebatt med lokale politikere fra FrP, Høyre og Ap. Solen skinte som vanlig og det var ingen grunn til at Lofoten skulle føle seg oversett på en dag som denne!



Folkefest på torget i Kabelvåg, lørdag 7. august. Foto: Jo Straube.

På tross av prominent besøk på torget, var det tre helt andre personer som gjorde sterkest inntrykk denne dagen. På Galleri lille Kabelvåg fikk vi møte Margaret Curole, som var rekefisker i Louisiana inntil Deep Water Horizon sank. Hun kom til oss med beretningen om en økologisk krise og et lokalsamfunn i oppløsning. Curole har opplevd hva det vil si å miste alt og understreket at selv om myndighetene skryter av et omfattende opprydningsarbeid på land, befinner det seg fremdeles svært mye olje under havoverflaten. Hvalen er ikke lenger å se og folk frykter at flere dyrearter har forsvunnet for godt. Hun viste til at oljeutslippene i området hvor Deep Water Horizon gikk ned, var 20 ganger så store som ved den forrige beryktede oljekatastrofen, Exxon Valdeez-ulykken i Alaska i 1989. Flere bestander har ikke tatt seg opp igjen på de 20 årene som har gått. Beveget fortalte Curole oss om hvordan det oppleves å brått få livsgrunnlaget revet

bort. Ulykken har rammet lokalsamfunnet hardt og både selvmordsraten og tilfeller av hjerteattakk har økt merkbart i perioden.

Vi fikk også møte to unge mennesker fra Nigeria, Babawale Obayanju fra Environmental Rights Action (ERA) og Afoke Mirabel Ohwojeheri fra studentorganisasjonen SEAN (Student Environmental Assembly), studentfraksjonen til ERA. De hadde med seg fortellingen om hvordan Shell og andre vestlige oljeselskaper har gjort Niger-deltaet til et inferno av gassfakler. Når olje utvinnes, frigjøres det gass som ikke kan brukes til noe og som derfor brennes av. Det er ille nok at faklingen medfører store CO₂-utslipp og sur nedbør, men i tillegg gir faklingen økt kreftfare og for tidlig fødte barn. En helsefare, som lokalbefolkningen får føle direkte på kroppen, er svie i hud og øyne, og mange opplever en brennende nummen følelse i leppene. Støy og døgnetvis skarpt lys er også en del

av problematikken.

Langs Niger-deltaet er oljelekkasjer helt dagligdags. Mellom 9 og 13 millioner fat med råolje har lekket ut siden oljeselskapene etablerte seg der. Det tilsvarer oljesøl på linje med Exxon Valdeez-utslippet hvert eneste år i over 50 år og har medført ødelagt jordbruksland, fiske, drikkevann og vassdrag. Det flyter stadig oljesøl og folk blir syke. Dette skjer blant annet fordi oljeselskaper som Shell har vist liten vilje til å rydde opp etter seg. Her, hvor Shell sin virksomhet genererer enorme pengesummer, lever den fattigste delen av befolkningen uten tilgang på medisiner og elektrisitet. Aktivisme blir slått hardt ned på og myndighetene gir stort sett oljeselskapene det de vil ha. De to unge nigerianerne lærte oss hva som skjer når oljeselskapene får operere fritt.

Fortellingen om Niger-deltaet var en stor kontrast til solskinnet og musikkstrømmen



Utsikt fra Tjeldbergtinden. Miljøfestivalen var en god blanding av friluft og fag. Foto: Tone Salomonsen.



Oljedebatten på lørdag var festens høydepunkt. Foto: Tone Salomonsen.

fra torget i Kabelvåg, men ga oss også en visshet om hvor viktig det er å gjøre motstand når man faktisk har muligheten til det. Folkefesten kan ikke sies å ha vært noe annet enn en stor suksess. Med godt over 700 mennesker til stede, viste oljeboringsmotstanderne muskler. Vel 140 av dem tilhørte selve festivalen, resten kom fra fjern og nær, og det var tydelig at engasjementet mot oljeboring, mobiliserte bredt. Med debatt, appeller, konserter og utallige boder som solgte alt fra økologisk mat til hvalbiff og politiske budskap, var bredden godt ivaretatt i programmet også.

Godt jobbet

Det rent organisatoriske gikk «som smurt». Folk kunne ikke få skrytt nok av de fem som hadde og tok ansvaret for festivalen, nemlig Ingeborg Gjærum, Aino Bogetvedt, Elisabeth Sæther, Signe Lindbråten og Anders Haug Larsen. Selve programmet bar preg av en perfekt balanse mellom miljøfaglige

innledninger/debatter og tid satt av til friluftaktiviteter. Det var også satset mye på musikalske bidrag i form av konserter og DJ om kveldene, kanskje litt i overkant, etter undertegnede sin smak. Når det samles så mange fra forskjellige kanter av landet, er det verdt å sette av mer tid til fri flyt av «den gode samtalen».

Selv om de uformelle samtalene ofte var viet en helt bestemt miljøsak på en helt annen kant av landet, levnet programmet og aktivistene ingen tvil om at årets miljøfestival sto i kampen mot oljeboringens tegn. De gode vibrasjonene spredte seg nordfra og det hører med til historien at flere festivalansikter var å se i full marsj innover Hardanger helgen etter.

Miljøfestivalen

- Årets miljøfestival var Naturvernforbundets tredje i rekken
- Festivalen ble arrangert i Kabelvåg like ved Svolvær
- 143 personer deltok fra 5. til 8. august 2010
- Festivalen var spesielt tilrettelagt for barnefamilier med mange organiserte aktiviteter for både barn og voksne


Anmeldelse

Miljørørsla ved naturens endepunkt

Living Through the End of Nature: the Future of American Environmentalism

Paul Wapner, The MIT Press, 2010

Eg har det frå ei pressemelding. Kraftlina frå Sima til Samnanger vil «gå gjennom store områder med uberørt natur».



Av Øyvind Strømmen

Men er det sant? Det har gått over 20 år sidan den amerikanske miljøvernaren Bill McKibben skreiv boka «The End of Nature», kanskje den fyrste boka om global oppvarming skrive for eit generelt publikum. I dag seier nettstaden til McKibben at menneske har skapt ei ny jord, at det var menneskeheita sitt største mistak nokon gong, men at det no er opp til oss kva som skal skje vidare.

Naturen kraftlina er tenkt å skjera gjennom, er sjølv sagt ikkje urørt. Ikkje *eigentleg*. Nokre av dei verste inngrepa vil jamvel koma i område med rik kulturell historie og tyding. Og dei som *gje*kk i protestmarsjen, anten det var av kjærleik til naturen, kjærleik til Hardanger eller av sinne mot regjeringa, kom seg gjerne til startpunktet med buss eller bil. Med seg hadde dei moderne, teknologisk utstyr; gjerne innehaldande koltan frå gruvedrift som er både miljømessig og etisk skiten. Sjølv hadde eg diverre ikkje høve til å vera med, men eg fekk sjå naturskjønne bilete med demonstrantar på internett lenge før turen i det heile var over.

«Me elsker skogen og me elsker iPod-ane våre», skriv tenkjaren og miljøvernaren Paul Wapner i boka «Living Through the End of Nature: the Future of American Environmentalism». Han skriv:

«Mange av oss miljøvernarar lever i to verder: ei idealverd, der me respekterer,

ærar og set pris på naturen; og ei meir pragmatisk ei, der me konstant går på kompromiss med vår kjærleik til naturen for å koma gjennom dagane. Me bryr oss om andre skapningar, og om jorda som heilskap, men me liker samstundes å koma oss rundt med fossildrivne bilar og fly [og] me liker å eta eksotisk og ikkje-lokal mat».

Wagner ser på dette som ei spegling av å leva i ei post-natur-verd, eit uttrykk for vår miljørøyndom på dette punktet i historia, eit uttrykk som også speglar seg i miljørørsla sjølv: «På den eine sida ynskjer den å ta vare på og oppretthalda den ikkje-menneskelege verda, noko som tyder å minimalisera vårt nærvær, å redusera våre fotavtrykk og på andre måtar leggja band på innblandinga vår. På den andre sida skjønar me at dette ikkje kan gjerast utan ekstreme inngrep med noko av det mest sofistikerte som finst av teknologi».

Det grunnleggjande premisset i Wapner si bok er at den ville naturen, som amerikansk miljørørsla set høgt, og jamvel har som sjølv grunnen til å eksistera, er i ferd med å forsvinna. Det endrar føresetnadene for miljørørsla.

Dagens situasjon skildrar han som noko nær ei teologisk konflikt; på den eine sida står miljørørsla med ein «naturalistisk draum», som gjer naturen til noko ibuande nesten guddommeleg. På den andre sida står miljørørsla sine kritikarar, med ein «draum om å herska», som i Francis Bacon sin idé om at naturen bør «bindast» i vår teneste

og «gjerast til slave» og eit menneske som vert gjeve guddommelege eigenskapar. - Miljødebatten i USA har for lenge vore dominert av ein endelaus debatt om kva for gud som er, eller burde vera, den største, skriv Wapner.

Det er til å kjenna att. I Hardanger-debatten har eg sett Arbeidarparti-bloggarar snakka om kraftlinene i Hardanger som om dei var eit sivilisatorisk prosjekt. «En flott, velproporsjonert kraftlinje», skreiv ein. Samstundes idylliserer andre det påstått urørte.

Wapner meiner at verken idealiseringa av naturen eller herskar-draumen er farbar veg, og at det trengst ein mellomting, blant anna i debatten om global oppvarming. Han argumenterer på sett og vis for meir *tvil*, for ei «post-teologisk» miljørørsla. Men han argumenterer også for meir *klokskap*, for ei tenkning som handlar om koplingar – både med andre menneske, med naturen og med stader.

Dette gjer han på ein tankevekkjande og stundom provoserande måte. Om ein klarar å verta engasjert i dei stundom djupe filosofiske spørsmåla han tek opp, er det lett å vera usamd med Wapner, men også lett å vera samd. Stundom tek ein seg i å vera baa delar.

Utbyggingskamp på Voss

I mai gjekk fleire hundre demonstrantar i tog mot utbygging i Raundalsvassdraget.

Av Nils Johnsen

Den 22. mai 2010 vart det arrangert ein stor demonstrasjon på Voss mot utbyggingsplanane i Raundalsvassdraget. Bak demonstrasjonen stod m.a. Naturvernforbundet sitt lokallag, Voss Utferdslag, det lokale jeger- og fiskarlaget, Ekstremsportveko, Voss Kajakklubb, Voss Rafting og Destinasjon Voss.

Parolane kravde framhaldande varig vern av vassdraget. Hovudtalar for dagen var dagleg leier i Ekstremsportveko, Margrethe Alm. Demonstrasjonen fekk stor og positiv omtale i media. Seinare har konflikten lokalt tilspissa seg. Mellom anna har lokale grunneigarar nekta Voss Rafting å ta seg ned til elva nokre stader.

Dei instansane som går for utbygging, har etablert Raundalsutvalet som skal vurdere ei eventuell utbygging. Alle naturvern- og friluftsforsamlingane på Voss har avvist å delta i utvalet – med eitt unntak: Voss Rafting har følt seg pressa til å vera med. Dei fremjar sterke argument mot utbygging i utvalsarbeidet.

Om utbyggingspårivarane skulle vinna fram, inneber det at fleire varig verna vassdrag her i landet kan verta truga av utbygging. Dette er såleis ei svært viktig sak også på nasjonalt plan. Naturvernforbundet sentralt og på fylkesnivå er varsla. Dei vil engasjere seg sterkt om og når det vert naudsynt.



Frå demonstrasjonen på Voss. Foto: Arnfinn Gjerdåker

Raundalsvassdraget

Vossavassdraget grenser til dei vassdragsverna nedbørfelta Nærøydalselvi og Undredalselvi i nord, Flåmselvi i aust og Granvinvassdraget i sør. I nordaust ligger Nærøyfjorden landskapsvernområde. Ein liten del av Stølsheimen landskapsvernområde går inn i feltet i nordvest. I aust ligg Grånosmyrane naturreservat. Ved innløpet til Lønavatnet ligg Lønøyane naturreservat, og sør for vannet ligger Håmyrane naturreservat.

I St.prp. nr 89 (1984-85) heiter det: "Raundalsvassdraget inneholder store verneverdier både for vilt- og fiskeinteresser, friluftsliv, kulturminner og naturvitenskap. Ved å gi både Vosso, Flåm, og Undredalsvassdraget varig vern, vil en bevare et større sammenhengende natur- og friluftsområde".

Stortinget vedtok å gi Raundalsvassdraget høgaste vernestatus. Vernet femner om Strondaelva i nord,

Raundalselva i aust og Bordalselvi i sør.

Våren 2010 presenterte rådmannen Einar Hauge i Voss, saman med Voss Energi og BKK, planar for utbygging av det freda vassdraget. Fleirtalet i Voss kommunestyre har slutta seg til at saka skal utgreiast.



Protestmarsj mot monsternastene i Hardanger 2010

Gi naturen slagkraft!

Verv en venn til Naturvernforbundet

Vi som er medlemmer av Naturvernforbundet, vet at naturen ikke kan slåss for seg selv, vi må kjempe for den. Fortell venner og familie at jo flere vi er, jo sterkere gjennomslagskraft har våre argumenter. Bli med å gjøre Naturvernforbundet til en folkebevegelse!

Send sms med kodeord NATUR til 2077 og verv et medlem for 200 kr, eller gå inn på naturvernforbundet.no/medlem og fyll ut skjemaet i dag!



Naturvernforbundet
naturvernforbundet.no/hordaland



**50 tunfiskbokser
= 1 forhjul**

Metallemballasje leverer du til containerne for glass- og metallemballasje på returpunktene.

**Kast riktig -
gi bosset verdi**

Tlf: 815 33 030 | www.bir.no



**Putt drikkekartong
rett i papirbosset
- uten plastpose!**



**Indre Hordaland
Miljøverk**

Tlf. 56 52 99 00
Faks 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
www.ihm.no

Ta vare på naturen
- Hugs at farleg avfall må leverast til godkjend mottak!

- Stoff med faremerke er nesten alltid farleg avfall.
- Farleg avfall kan leverast på miljøstasjonen, sjå opningstider på www.ihm.no

Logoteknik.no

Tenk avfallsreduksjon

Still deg sjølv tre spørsmål når du skal handla:

1. Er produktet av god kvalitet?
2. Er det miljøvenleg?
3. Har eg eigentleg bruk for det?

Er svaret nei, spar både pengane og miljøet!



NGIR
www.ngir.no



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Tenk miljø - brems forbruket!

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS | Svartasmoget N-5419 Fitjar | telefon 53 45 78 50 | telefaks 53 45 78 60 | e-post sim@sim.as | www.sim.as

METALLCO
METALLCO BERGEN



www.hordaland.no

Informasjon om fylkeskommunen og
Hordaland finn du på internett




 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Økologisk

Kalkun

Frå Hardanger



Om produkt og salstader sjå:
www.homlagarden.no
eller ring: 95 21 50 60





**dypere
opplevelser**

 **AKVARIET I BERGEN** www.akvariet.no



Reis miljøvennleg!

Bruk buss eller Bybanen og bidra til eit betre miljø. Prøv vår nye reiseplanleggar på skyss.no. God tur!

skyss.no | Tlf 177



skyss 



ATS
TYSSEFALDENE

VANNKRAFT – REN ENERGI



Vi støtter morgendagens helter

Statoils suksess skyldes i stor grad mennesker med evne og vilje til å tenke annerledes, med mot til å forsøke å gjøre det umulige mulig og med kompetanse og utholdenhet til å jobbe hardt for å oppnå enestående resultater. Skal vi lykkes i fremtiden trenger vi flere slike mennesker. Ikke bare vi, men også samfunnet vi lever i og av. Vi kaller dem morgendagens helter.

Helter inspirerer oss og binder oss sammen. Men ikke bare har vi behov for noen å se opp til, noen som kan bidra med store opplevelser innen kultur og idrett. Verden står overfor store utfordringer som vi trenger høyt spesialiserte fagfolk for å løse. Derfor støtter Statoil morgendagens helter innen både idrett, kultur og ikke minst utdanning. Til glede for dem selv og alle oss andre.

www.statoil.com



Statoil



BIR BEDRIFT

- Avfallsløsninger for næringslivet

- Containerutleie

Møllendalsveien 31


5009 Bergen

Tlf.: 815 33 030

Faks: 55 27 70 91

E-post: bedrift@bir.no

Et selskap i **RETURA**[®]
ET MILJØ I BALANSE



tide.no

Gode reiseopplevelser hele året





Orangeriet.no | Foto: Fred Jonny™

Velkommen om bord på banen!

Vi ønsker deg en god tur med Bergens mest miljøvennlige transportmiddel.

skyss.no | Tlf 177



skyss  **bybanen**

Naturvernkalenderen 2010

Her finner du en oversikt over noen natur- og miljørelaterte arrangement framover.
For mer informasjon, se nettsidene naturvernforbundet.no/hordaland,
naturvernforbundet.no/moreogromsdal eller naturvernforbundet.no

● September

● **Strategiseminar/utflukt Naturvernforbundet Hordaland**

10.09-11.09 Årstahiti-Davanger på Askøy

Medlemmer av fylkesstyret, lokallagsstyrer og andre som er eller ønsker å bli mer aktive i Naturvernforbundet er velkommen til strategiseminar. For mer informasjon: naturvernforbundet.no/hordaland

● **Halvdagsseminar om solvarme og akkumulering**

15.09 kl 13:00-17:30, Grand selskapslokalet, Bergen

Norsk VVS Energi- og Miljøteknisk Forening holder kurs om solfangere og akkumulering. Kurset retter seg mot entreprenører, driftspersonell, rådgivende ingeniører, leverandører, eiendomsforvaltere og beslutningstagere i offentlige og private virksomheter og andre interesserte. For påmelding og mer informasjon se solenergi.no/arrangement

● **Styremøte i Naturvernforbundet Hordaland**

15.09 kl 18:00-21:00

● **Inspirasjonsseminar om naturmangfold**

18.09-19.09 i Trondheim

Naturvernforbundet arrangerer kurs i naturmangfoldloven i Trondheim, Naturmangfoldloven er meget viktig for bevaring av biologisk mangfold. Det vil blant annet bli pratisk og teoretisk opplæring, workshops, utendørsaktiviteter og mediehåndtering. Påmelding til sortrondelag@naturvern.no. For mer informasjon se naturvernforbundet.no/trondelag

● Oktober

● **Inspirasjonsseminar om naturmangfold**

01.10-03.10, Preikestolen, Forsand

Naturvernforbundet arrangerer kurs i naturmangfoldloven i Stavanger, Naturmangfoldloven er meget viktig for bevaring av biologisk mangfold. Det vil blant annet bli pratisk og teoretisk opplæring, workshops, utendørsaktiviteter og mediehåndtering. Påmelding til rogaland@naturvern.no. For mer informasjon se naturvernforbundet.no/naturmangfold2010, eller ta kontakt med Naturvernforbundet Rogaland på telefon 51528811.

● **Styremøte i Naturvernforbundet Hordaland**

13.10 kl 18:00-21:00

● **Debatt om miljøvern vs naturvern**

19.10 kl 18.00-20.00 Tivoli, Det akademiske kvarter i Bergen.

Studentersamfunnet Bergen inviterer til debatt mellom sentralstyremedlem Ingar Flatlandsmo i Naturvernforbundet, Solveig Renslo (spesialrådgiver) og Gunnar Hernborg (senioringeniør) fra BKK.

● November

● **Styremøte i Naturvernforbundet Hordaland**

17.11 kl 18:00-21:00

● Desember

● **Styremøte og førjulsfest i Naturvernforbundet Hordaland**

10.12 kl 18:00-23.30

Neste nummer av NaturVest har temaet "Økologisk mat". Har du tips til saker som fortjener omtale, send en e-post til naturvest@naturvern.no